



Skulen i samspel med lokalsamfunnet

Ei praksisbasert opplæring handlar om å lære seg handverksteknikkar, praktisk arbeidsevne, og å styrke elevane i deira personlege utvikling. Med ein slik pedagogikk vil skulen kunne bli ein viktig aktør på sin stad. Ein studietur til England gav mykje kunnskap om desse samanhengane

Jorunn Barane og Bjørg Fritsvold |
Sogn Jord- og Hagebruksskule

Ruskin Mill, tidlegare «ullmølle», er omgjort til college med handverksbasert pedagogikk for unge med spesielle behov². Her var mange døme på at skulen i samspel med næringsverksemdar i området hadde skapt autentiske læringsarenaer. Dette gav nytt liv til bedriftene og har i fleire tilfelle gitt grunnlag for nyetablering. Mellom anna fortalde Aonghus Gordon, grunnleggjaren av Ruskin Mill, om nokre ungdommar som trengte trening i korleis møte medmenneske. Dei etablerte difor minikafé på skulen, og det var starten på det som i dag er ein etablert Øko-kafé. Fleire handverksbedrifter får styrka



Dreinga av rått trevirke er eit ledd i utvikling av sjølvkjensle og meistring. Nat Mead frå SJH prøver å fange øyeblikket med kameraet. Foto Anne Marie Bøtun Øyri

sitt livsgrunnlag ved at dei har elevar i opplæring nokre dagar i veka.

Stadutvikling

Ruskin Mill låg i den vesle landsbyen

Stadbasert entreprenørskap og læring

Universitetet for miljø- og biovitenskap, Sogn Jord- og Hagebruksskule og Aurland Naturverkstad er ansvarlege for pilotkurset «Stadbasert entreprenørskap og læring», delfinansiert av Kompetanseutviklingsprogrammet i Landbruket (KIL). Studietur til England inngjekk i planlegginga av pilotkurset¹.

Nailsworth. Tidlegare ordførar Sue Reed fortalte oss om kampen for å utvikle staden til beste for folk flest. Det var laga tur- og sykkelsti på den nedlagte jernbanen i kamp med utbyggingsinteresser. I ein bydel som trengte ein samlingsstad, hadde dei lukkast med å bygge eit nytt aktivitetshus. Kombinasjonen av politisk deltaking og breitt folkeleg engasjement med eldsjeler i spissen hadde gjort alt dette mogleg.

Tankar om overføringsverdi

Overført til heimlege forhold ser vi at landbruket saman med andre samfunnsorienterte næringsverksemdar i bygda vil vera attraktive for ein skule som vil leggje opplæringa ut i det verkelege samfunnet. Skulen vert ein utviklingsaktør i nåtida, samstundes som elevar som deltek i ei slik opplæring knyter seg til staden, får idear og får lyst til å koma heim og skapa seg ei framtid. Pilotkurset og tilsvarende kurs som vert tilbydd seinare skal medverke til å få i gang slik utvikling i bygder og kommunar der det er interesse.



Pilotkurset «Stadbasert entreprenørskap og læring» blir gjennomført i Nærøysfjorden Verdsarvpark sitt område i 2012, truleg i Aurland, Lærdal og Vik. Leia av prosjektansvarlege på UMB og SJH, Aksel Hugo og Jorunn Barane var deltakarar frå området på tur til England som eit ledd i planlegginga av kurset. Foto Nat Mead.

jorunn.barane@sfj.no
bjorg.fritsvold@sfj.no



¹ Du finn prosjektbeskrivelse og reiserapport her <http://sjh.no/ressurscenter/>

² www.ruskin-mill.org.uk